

**Fra:** Sara Sekkingstad  
**Sendt:** mandag 8. august 2022 11:23  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** VS: til Alver kommune i forbindelse med forureining av drikkevatn på Aase  
**Vedlegg:** §29-5 PBL .docx; Rapportering av forureining av Langavatnet 14.01.2022.docx; Til Kommuneoverlegen i Alver.docx; MAil til Alver kommune 19.05.2021.docx; Møte og befaring Isdal skogsveg.docx; Naturmangfaldsloven.docx; Rapportering av forureining av Langavatnet 14.01.2022.docx; Sivilombudet innspill 25.05.2023.docx; Svar på søknad om bygging av Isdalvegen gbnr 1851-7 (L)(569932) (003).pdf; Svar på søknad om tildekking av vegskråning på skogsveg - gbnr 185\_1 m.fl Isdal (1) (003).pdf; Kart over Isdalfjellet og Langavatnet.PNG

**Sara Hamre Sekkingstad** | Ordfører

Telefon: 456 07 474

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

---

**Fra:** [arild@aasegarden.no](mailto:arild@aasegarden.no) <[arild@aasegarden.no](mailto:arild@aasegarden.no)>

**Sendt:** fredag 24. juni 2022 09:32

**Til:** Sara Sekkingstad <[sara.sekkingstad@alver.kommune.no](mailto:sara.sekkingstad@alver.kommune.no)>

**Kopi:** [Aslaug.Sandvin@mattilsynet.no](mailto:Aslaug.Sandvin@mattilsynet.no); [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no); 'Hellesøe, Hege Brekke' <[fmhohbh@statsforvalteren.no](mailto:fmhohbh@statsforvalteren.no)>; [fmsftmh@statsforvalteren.no](mailto:fmsftmh@statsforvalteren.no); [rehel@statsforvalteren.no](mailto:rehel@statsforvalteren.no); [sigrun.Wolstad@vlfk.no](mailto:sigrun.Wolstad@vlfk.no); [jostein.aksdal@vlfk.no](mailto:jostein.aksdal@vlfk.no); [helge.nordal@mattilsynet.no](mailto:helge.nordal@mattilsynet.no)

**Emne:** til Alver kommune i forbindelse med forureining av drikkevatn på Aase

Hei ordfører Sara

Eg prøver på nytt.

Håper du kan hjelpe meg i denne saken med avrenning til drikkevatnet vårt. Ingen vil ha jord eller tilkjørte jordmasser i det daglege drikkevatnet sitt, hverken folk eller husdyr. Eg har ikkje hørt noko frå kommunedirektøren eller kommuneoverlegen i denne saka på etter mine henvendingar. Eg ser at miljø og tilsyn har sendt meg ein kopi av samme vedtaket som eg fekk i februar. Dette er eit vedtak som eg ikkje kunne klage på, på trass av at miljø og tilsyn og landbrukskontoret går i mot sitt eie og Statsforvaltaren sitt vedtak om at det ikkje skal være avrenning til Langavatnet. Landbrukskontoret sa rett ut at eg måtte tole jord i drikkevatnet og miljø og tilsyn og representanten frå miljøretta helsevern var enig.

Slik skal det vel ikkje være. Dette endrar drikkevatnet og tilfører oss ein usikker og dårleg kvalitet på drikkevatnet, samt enormt mykje arbeid med dagleg rensing av filter og kontroll av vatn.

Eg forstår at dette er ei betent sak for kommunen, sidan det er fleire av grunneigarane som arbeider i kommunen og at kommunen sjølv er involvert i avrenninga av tilkjørt jord. Men det gjeld drikkevatnet det vatnet som med drikk og bruker kvar dag for folk og husdyr, så det kan ikkje være slik at dette er fritt fram for kommunen å gjere. Hverken eg eller far min har fått melding frå kommunen om at omsynsoner er fjerna for drikkevatnet vårt? Som vannverkseigar har eg ikkje vorte kontakta av hverken kommunen eller tiltakshavere når tiltaket skulle starte, og heller ikkje i ettertid ved dei store avrenningsproblema. Har ikkje fått nabovarsel om tiltaket og heller ingen beskrivelser av planer eller beskriveleser av korleis ein skal begrense avrenninga for den vel 1 km lange skogsvegen og skogsdrifta på staden.

Statsforvaltneren i Vestland er også varsl fleire gonger, sidan dei har gitt sitt innspel om ingen avrenning til Langavatnet, men dei meiner kommunen må ordne opp.

Kvifor kan Alver kommune godkjenne slike prosjekt med avrenning til drikkevatn, når dei veit at dette er drikkevatn og all avrenning går direkte i drikkevatnet? Eg har også sjølv varsla alle på Landbrukskontoret om drikkevatnet sidan 2019 og miljø og tilsyn, miljøretta helsevern, sidan våren 2021. Det er heller ikkje lagt opp til vassprøver frå tiltaket eller kommunen, sjølv om det vert tippa tilkjørte jordmasser direkte i tilførsels elver frå avrenningselvene dagleg, til drikkevatnet. Den einaste vassprøven som er tatt under tiltaket så langt, måtte eg be om i vinter. Den viste mykje jord i vatnet og høgare verdi av ecoli bakterier. Ut frå dei som analyserte prøven var grunnen til auka ecoli bakterier i vatnet at graveing og skogsmaskiner som kjørere opp jordmasser i eit tidlegare lukka skogsområde. Dette var kjent at bygginga av landbruksveggar og uttak i skog gav slike endringar i avrenningsområder. Drikkevatnet har aldri tidlegare vist auka ecoli bakteriar ved prøvetaking levert Matilsynet og som krav frå Tine under mjølkeproduksjon på garden. Eg meiner det ikkje er gjort tiltak for å begrense avrenning, det er i staden gjort tiltak frå Alver kommune for å kjøre til ekstra jord frå ikkje stedbundne masser. Dette gjer heile prosjektet endå meir sårbart for drikkevatnet og naturen rundt. Eg forstår at det ikkje sitter faglege personer i alle stillingar i kommunen til å vurdere det riktige i denne saka. Eg har prøvd i 9 måneder å få snakke med kommuneoverlegen som har det faglege ansvaret for drikkevatn og som er vel der for innbyggerene i kommunen?, men har ikkje fått svar fra henne og får ikkje snakke med henne. Dagleg tippa det eit ca 30-50 talls lastebilar jord og stein ennå.

Eg ønsker eit møte med den som har det faglege ansvaret i kommunen vedrørande drikkevatn, for å vite kvifor dette kan skje og for å vite kva som må gjerast av meg og kommunen for å få ordne opp i denne uholdbare avrenninga av jord til drikkevatnet. Eg ønsker også å verte sett i kontakt med dei som har ansvaret for at slike prosjekt vert vurdert når det er så graverande at kommunen sine etater sjølv ikkje følgjer sine krav i tiltaket. Kan heller ikkje sjå at nokon bryr seg om det som er våre kulturminner her på Aase i Isdalfjellet, som dei første vegane til Hamre frå Aase osv. Kommunen har aldri spurt eller utreda noko før oppstart av tiltaket. Tiltaket beskriv berre at det ikkje er kulturminner? Det burde vore ein utredning i slike store prosjekt det et heilt fjell og skogsområde sentralt med historie vert oppgravd og tilført tusenvis av lass med jord og stein.

Eg ynskjer også å snakke med dei som evt har fjerna eller ikkje lagt inn Langavatnet som drikkevatn og Isdalfjellet som avrenning med omsynssone på kommunen sine kart, dersom dette er gjort av kommunen. Dette må gåast opp saman med Mattilsynet. All avrenning frå Isdalfjellet renn ned i Langavatnet. Drikkevatnet var kommunalt drikkevatn fram til ca 1986 og har vore og er drikkevatnet vårt her på Aase sidan 1930. Håper også Statsforvalteren i Vestland ser problemet og hjelper med håndtering av saka, sidan saka havner til dei samme etatane med ufaglærte personar i Alver Kommune kvar gong. Eg treng ikkje fleire svar om at eg skal drikke vatn med tilkjørt jord i, og at eg ikkje kan klage på vedtaket. Dette er håndtert feil hjå Alver kommune.

Reint vatn er like viktig for oss som for alle andre!

Håper på hjelp snarast og på førehand takk.

Mvh  
Arild Aase  
Mobil 97752329

---

**Fra:** [arild@aasegarden.no](mailto:arild@aasegarden.no) <[arild@aasegarden.no](mailto:arild@aasegarden.no)>

**Sendt:** mandag 13. juni 2022 17:56

**Til:** 'sara.sekkingstad@alver.kommune.no' <[sara.sekkingstad@alver.kommune.no](mailto:sara.sekkingstad@alver.kommune.no)>

**Emne:** Mailer til Alver kommune i forbindelse med forureining av drikkevatt på Aase